



Arkeologisk museum i Stavanger – det opne museum

Strategisk plan 2008-2011

Det opne museum

Arkeologisk museum i Stavanger har som sin visjon Det opne museet. I dette ligg eit ønske om å formidle ei kulturhistorie som er aktuell og tilgjengeleg for samfunnet i dag. Museet skal tene som arena for kulturelt mangfald i dialog med publikum og andre institusjonar.

I visjonen ligg ei oppfordring til å sjå fortida i lys av den kunnskapen vi har i dag – AmS skal aktivisere gløymd kunnskap. Museet skal vise at fortida betyr noko for samfunnet i dag og i framtida.

AmS vil vere premissleverandør på saksområde som har med kultur, kulturformidling, kulturminnevern og forskning å gjere. AmS skal vere med og setje dagsorden når det gjeld haldningar og synspunkt på desse områda. Museet vil vere ein aktiv påverkar som blir teken omsyn til på nasjonalt plan. Museet skal utfordre haldningar og kaste lys over problemstillingar som moderne museum møter i samfunnet i dag.

I perioden ynskjer museet å realisere planane om eit formidlingsbygg på cirka 3500 m². Museet har stort behov for nye arenaer, særleg til formidlingsformer. Her skal AmS vise samanhengar og vere ope for nye impulsar innan kultur, historie, natur og kunst – lokalt, regionalt og globalt. Til formidlingsbygget knyter det seg òg ein visjon om å stimulere samarbeidet mellom musea og kunstinstitusjonane i regionen. Lokala kan òg bli ein arena for formidling av kunnskap og opplevingar knytte til utdannings- og forskingsmiljø.

AmS skal vere eit må-sjå-museum i regionen og ein nasjonal trendsetjar også i framtida.

Premissleverandør

Nytt
formidlingsbygg

1

Må sjå-museum

Samfunnsoppdrag

Samfunnsoppdraget for AmS er skissert i styringsdokument frå storting og regjering. Rammevilkåra går òg fram av årlege tildelingsbrev frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Styret skal arbeide for at formåla med verksemda blir fremma på beste måte innanfor gjeldande lover, regelverk og retningslinjer vedtekne av Kultur- og kyrkjedepartementet og Miljøverndepartementet. Styret skal medverke til at AmS når sine mål.

Primærverksemd

AmS er eit tverrfagleg museum som skal drive sikring, bevaring, forskning og formidling. Museet skal stimulere til forståing og fremme kunnskap om mennesket og det menneskelege livsmiljøet i eit langtidsperspektiv. Utgangspunktet skal hovudsakleg vere materiell kultur.

AmS skal fokusere på forhistorisk tid og mellomalder. Arbeid med nyare tid er aktuelt der det er relevant for å kaste lys over samanhengar og variasjonar i materiell og immateriell kultur.

For AmS er det viktig å setje den regionale kulturarven inn i eit vidare perspektiv. Forståing for menneske og historie i andre delar av verda gir verdifull kunnskap om andre samfunn. Slik forståing gir dessutan grunnlag for refleksjon om endringane i vår eiga kulturhistorie.

Målgrupper

Museet skal leggje vekt på å formidle kunnskap om kulturarven til flest mogleg. For AmS er barn og unge vesentlege målgrupper (jf. FN's barnekonvensjonar), og dei kommande åra blir eldre ei gruppe som det skal satsast på i tillegg.

Dei fleste besøkjande til museet er i dag frå Rogaland. Dei kommande åra vil AmS i aukande grad satse på turistar og tilreisande, i tråd med den regionale reiselivssatsinga.

Museet skal leggje vekt på samarbeid med næringslivet. Samhandling med næringslivet skal medverke til auka verdiskaping i regionen. Lokala og tilboda ved AmS skal medverke til at museet blir eit etterspurt kurs- og konferansesenter med høg kvalitet. Museumsutstillingane skal tilføre arrangementa kulturopplevingar og kunnskap. Tilbodet skal opne museet for nye brukargrupper.

Verdiar

AmS legg vekt på at verksemda og det dei tilsette gjer, skal vere i samsvar med det museumsetiske regelverket til det internasjonale museumsrådet, ICOM (International Council of Museums). AmS skal i planperioden utarbeide eit eige etisk regelverk.

Det offentlige er den viktigaste finansieringskjelda til museet, og kjem framleis til å vere det. AmS ønskjer seg likevel sponsormidlar til

Tverrfagleg
arbeid

Etisk regelverk

Universell utforming

Positivt omdømme

3

Regionalt, nasjonalt
og internasjonalt

UiS

finansiering av prosjekt, men ikkje til fast drift av museet. I arbeidet overfor sponsorar legg museet "Etisk rammeverk for sponsorverksemd" til grunn. I valet av sponsorar og samarbeidspartnarar er det ein føresetnad at desse ikkje driv på ein ulovleg måte som er til skade for folk og miljø eller undergrev menneskerettar og valt styresett.

AmS vil gjere museumslokala lettare tilgjengelege for alle brukar-grupper utan omsyn til funksjonsevne og alder. Det nye formidlingsbygget skal planleggjast etter prinsippa om universell utforming. AmS legg vekt på ein betre ressursbruk gjennom vedvarande fokus på miljøleing og Grøn stat og gjennom det økologiske serveringstilbodet i museumskafeen.

Omdømme

AmS skal i planperioden styrkje omdømmet sitt som eit innovativt, aktivt og spennande museum som formidlar kunnskap og opplevingar. Som grunnleggjande verdiar skal verksemda vere open, synleg og mangfaldig. Respekt i fagmiljøet, etterspørsel hos næringsliv og marknad og brei interesse blant publikum skal til saman danne grunnlaget for eit positivt omdømme.

Ryet til AmS skal hovudsakleg målast i kjennskap, det vil seie kor godt omverda kjenner til museet. Publikumstal er ein klar indikator på kor attraktivt museet er, men i planperioden skal også andre metodar for å måle omdømmet til museet vurderast. Eventuelle resultat kan brukast til å vurdere strategiar for å målrette og effektivisere marknadsføringa av AmS.

Nettverk

AmS held fram med å byggje nettverk lokalt og nasjonalt. Museet vil vidareutvikle prosjektsamarbeid med regionale og nasjonale museum og forskingsinstitusjonar.

Samarbeidsavtalen med Universitetet i Stavanger skal vidareutviklast både på faglege og administrative saksområde. AmS vil aktivt støtte det pågåande samarbeidet om etablering av Ullandhaug Kulturpark, ei samling av miljøa som arbeider innanfor forhistorie, naturvitskap og økologi på Ullandhaug.

AmS har samarbeidsavtalar med museum i Noreg og utlandet. AmS skal utvikle prosjekt saman med andre institusjonar for å utløyse midlar frå Noregs forskingsråd, EU og andre vesentlege finansieringskjelder.

Internasjonale kontaktar skal konsoliderast og vidareutviklast. AmS skal halde fram med å byggje nettverk også på internasjonalt plan.



Premissleverandør | Nytt formidlingsbygg | Må sjå-museum |
Tverrfagleg arbeid	Etisk regelverk	Universell utforming
Positivt omdømme	Regionalt, nasjonalt og internasjonalt	UiS
Openheit og dialog	Fleksibel organisering	Stabil økonomi
Klarare samordning	Sikring av kjeldene	
Vidareutvikle konservering	Menneske og natur	
Gjere samlingane meir tilgjengelige	Synleggjere forskinga	
Føregangsmuseum	Nye tilbod	Vidareutvikle utstillingane
Levande historieformidling	Stavanger 2008	

Openheit og dialog

Fleksibel organisering

5

Stabil økonomi

Organisasjon

Dei tilsette er den viktigaste ressursen museet rår over. Organisasjonsstrukturen skal vere prega av openheit, dialog og god informasjon til dei tilsette. Alle tilsette skal få høve til fagleg utvikling i eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. AmS skal leggje til rette for og stimulere til mobilitet i personalet gjennom tenestemannsutveksling og hospitering i inn- og utland.

AmS skal ha ein personalpolitikk som gjer museet til ein attraktiv arbeidsplass. Det skal leggjast til rette for at institusjonen skal ha fagmiljø med nasjonal tyngd. Rekrutteringspolitikken skal spegle ansvaret og dei langsiktige satsingsområda til institusjonen. AmS vil vidareutvikle den livsfaseorienterte personalpolitikken sin, som byggjer på avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). AmS skal arbeide aktivt for å fremme likestilling og like sjansar for medarbeidarane.

Verksemda skal vere fleksibelt organisert. Organiseringa skal til kvar tid ha ei form som er tilpassa dei oppgåvene som er prioriterte. I verksemda ved institusjonen skal det leggjast vinn på best mogleg effekt i bruken av dei disponible ressursane innanfor eksterne rammer og retningslinjer, økonomi, personell og infrastruktur. AmS må i planperioden avklare omfang og profil når det gjeld drifta av det nye formidlingsbygget. AmS skal til kvar tid ha utstyr som gjer at kvar medarbeidar best mogleg kan løyse oppgåvene sine og vareta krava til helse, miljø og tryggleik.

AmS vil styrkje leiarfunksjonen ved museet gjennom vidareutvikling av leiarar.

AmS skal i planperioden vidareutvikle kommunikasjonsteknologiske løysingar for å oppnå intern effektivitet og auke kontaktflata med samfunnet. Museet vil heve IKT-kompetansen til kvar medarbeidar og gjere informasjon tilgjengeleg gjennom "Døgnopen forvaltning".

AmS skal leggje vekt på å ha eit stabilt økonomisk fundament. Løyvingar, oppdragsinntekter – i hovudsak frå arkeologiske undersøkingar – og sponsormidlar skal stå i eit rimeleg forhold til kvarandre og til talet på tilsette ved museet. Museet vil arbeide for at den delen av inntektene som kan påverkast ved å forlengje eksisterande avtalar og etablere nye med kulturinstitusjonar, universitet og næringsliv, skal bli større og meir føreseieleg.

Vern for fremtida

AmS følger Europarådets Malta-konvensjon frå 1992 om vern av den arkeologiske kulturarven. Her blir alle restar og gjenstandar etter menneskeslekta frå tidlegare epokar rekna som element i den arkeologiske kulturarven. AmS utvidar dette til òg å gjelde naturvitskapleg materiale som kan kaste lys over kultur- og miljøhistoria.

AmS skal arbeide for å få fram verdien av vernearbeidet og det historiske perspektivet som ligg til grunn for museet. AmS vil at kulturminnevernet skal samordnast på ein klarare måte, då dagens modell er tidkrevjande både for samfunnet og for den enkelte. AmS vil mellom anna levere innspel om forvaltningsansvaret i mellomalder-saker og overfor mellomalderbyane. AmS vil òg arbeide for ei betre nasjonal organisering av marinarkeologien.

AmS vil profesjonalisere feltarbeidet og det arkeologiske arbeidet ved museet ytterlegare og gjere prosessar og resultat tilgjengelege i digitalt format. AmS skal kartleggje om kjeldemateriale som framleis ligg i jord eller vatn, tek skade av klimaendringar og menneskeskapte endringar. Dette gjeld både artefakt og økofakt. AmS vil gjere nye undersøkingar på sentrale funnlokaltetar som ikkje er ettergravne tidlegare. Dette kan føre til auka forståing og kunnskap om gjenstandane, om nedbryting av materiale på grunn av klimaendringar og om sikring av kjeldene for framtida.

Kjeldesikring er ei dei sentrale arbeidsoppgåvene for AmS i planperioden. Målsetjinga er å avslutte prioriterte oppgåver i kjeldesikring-sprosjektet i samsvar med utarbeidd plan, dvs. innan magasinrevisjon og digitalisering av arkiv og register. AmS skal følgje opp tilrådinga frå Riksrevisjonen om å etablere tilfredsstillande magasinforhold for heile samlinga. Museet vil òg arbeide for auka midlar til kjeldesikringsprosjektet.

AmS vil spisse prioriterte fagfelt innanfor konserveringstenester. Analysar i samband med arkeologiske og paleøkologiske undersøkingar og undersøkingar av gjenstandar skal vidareutviklast. Dette skal skje ved å etablere eit tett samarbeid med Universitetet i Stavanger når det gjeld kjemisk og biologisk analyse. Som eit ledd i dette arbeidet vil museet styrkje den vitskaplege kompetansen innan konservering.

Senter for konserveringssamarbeid i Rogaland (SKR) skal etablere ei nettverksgruppe for konserverings- og restaureringskompetanse i fylket. Det skal arbeidast for full finansiering av SKR.

AmS har til mål å vidareutvikle det miljøarkeologiske fagfeltet gjennom rekruttering av spesialistar og fornying og betring av utstyr. Fagfeltet skal vidareutviklast gjennom ei styrking av samarbeidet både ved museet og mellom AmS og andre fagmiljø. Samarbeidet med eksterne institusjonar skal sikre AmS tilgang til utnytting av avansert utstyr og spesialistar på andre fagfelt enn dei AmS har i staben i dag.

Klarare samordning

Sikring av kjeldene

Vidareutvikle konservering

Forskning og utvikling

AmS har ein unik forskingskompetanse på forhistoria i regionen og vil i kommande periode satse sterkt på å utvikle forskingsprofilen sin. Det er eit ønske å kunne styrkje formaliakompetansen ved museet.

Forskningsstaben ved AmS er tverrfagleg samansett og har kompetanse innan arkeologi, nyare tids kulturhistorie, naturhistorie og museumsfaglege emne. Det er lagt stor vekt på forholdet mellom menneske og natur til ulike tider, kjeldevern og metodeutvikling.

I 2005 ble FoU-verksemnda ved museet evaluert. Tilrådingane i rapporten gir grunnlag for vidare fagleg utvikling og for utforming av forskingsprofil og forskingsplan. I kommande periode vil forskningssjefen arbeide med utgangspunkt i evalueringa, der hovudmålet er å vitalisere forskingsmiljøet ved institusjonen.

AmS skal utarbeide statusrapportar for ulike forskingsområde og gjere strategiske val innan arkeologiske utgravingar slik at vidare forskingsarbeid kan prioriterast. AmS skal i større grad enn i dag forske på eigne samlingar. Primærsamlingane skal kvalitetssikrast gjennom fortløpande oppdatering. AmS skal gjere samlingane meir tilgjengelege for forskning og utnytte ny kunnskap om samlingane i formidlingssamanheng.

Dei oppdragsfinansierte undersøkingane skal vere forskingsbaserte. AmS skal følgje dei forskningsetiske retningslinjene som er nedfelte i Nasjonal forskningsetisk komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH).

Museet skal leggje tilhøva betre til rette for internasjonal publisering av forskinga ved AmS og for forskingssamarbeid med andre institusjonar. AmS skal opnast mot andre institusjonar, og forskarane ved AmS skal vere synlege og tilgjengelege for befolkninga i regionen. AmS ønskjer i planperioden å bli med i driftsorganisasjonen MUSIT, som er ein felles database for universitetsmusea.

Museet vil vidareutvikle kompetansen sin og starte nye forskingsprosjekt innan konservering, skjøtsel, miljøovervaking og dokumentasjon, og vil framleis vere ein sentral aktør i nasjonal samanheng. Det tverrvitenskaplege fundamentet ved AmS er eit viktig grunnlag for den sentrale rolla museet spelar i det nasjonale bergkunstnettverket. AmS samarbeider nasjonalt og internasjonalt om etablering av forskingsprosjekt finansierte av Noregs forskingsråd og/eller EU.

Menneske og natur

Gjere samlingane meir tilgjengelege

7

Synleggjere forskinga

Formidling og møteplass

AmS har som mål å gjere fortida meiningsfull og aktuell for stadig fleire menneske. AmS vil byggje vidare på den sentrale posisjonen museet har i Rogaland og vidareutvikle institusjonen som eit aktivt og samfunnsengasjert museum. AmS skal vere ein arena for livslang læring der formidlingstilbodet omfattar heile læringsløpet frå førskulealder til seniorar.

Både i tema og formgiving skal AmS vere eit føregangsmuseum når det gjeld å formidle forhistoria overfor dei besøkjande. Den internasjonale profilen i formidlinga ved museet skal utviklast vidare.

AmS skal leggje vekt på at tilboda ved museet når ut til eit størst mogleg publikum. Formidlingsgrunnlaget skal oppfattast som ekte og autentisk, samtidig som det skal leggjast vekt på å tilby ulike opplevingsformer. Museet vil vidareføre formidlinga gjennom basisutstilling, temporærutstilling, heimeside, publikasjonar, foredrag og samarbeid med andre, og likeins gjennom ulike tiltak – både tradisjonelle og spesielle – for å nå eit større publikum.

Med nytt formidlingsbygg ynskjer AmS å utvide kommunikasjonen med publikum og det kulturelle miljøet i regionen. Det nye formidlingsbygget skal etablerast i samarbeidets ånd og vere ein kommunikasjonsarena for kulturlivet i regionen.

Det skal leggjast langsiktige planar for utstillingstilbodet ved AmS. Prosessen med å fornye basisutstillinga ved museet skal komme i gang. AmS skal kommentere og illustrere aktuelle tema og bidra med forskingsbasert formidling i form av korte temautstillingar og publikumsattraksjonar. AmS skal synleggjere vikingtidshistoria i regionen, presentere kunnskap om perioden og vere engasjert i dette gjennom samarbeid med andre aktørar.

Dei populærvitskaplege publikasjonane frå AmS skal gjerast meir tilgjengelege. Det er ei målsetjing at funn- og fornminnearkivet skal vere digitalisert innan utgangen av planperioden. Museumshagen skal særleg utnyttast til å kaste lys over forhold innan teknologi, arkeologi og miljøforståing, og han skal vidareutviklast med ei smie og ei skulptursamling der det mellom anna skal stillast ut runestinar.

Saman med Rogaland fylkeskommune og ABM-Utvikling skal AmS arbeide for at ”Skandinavisk utstillingsnettverk” blir realisert. Nettverket er basert på trekantsamarbeid mellom AmS, Moesgård Museum i Danmark og Västarvet i Sverige. Partane skal halde kvarandre oppdaterte om vandreutstillingar og eigenproduserte utstillingar. Nettverket opnar for eit lytte-, låne- og kompetansesamarbeid. Nettverket skal òg vere til nytte for andre museum i regionen.

Føregangsmuseum


Nye tilbod

Vidareutvikle utstillingane



9

S skal legge vekt på at museets tilbud når ut til et størrelseslikum. Museet formidlingsgrunnlag skal føles som autentisk, samtidig som muligheten til opplevelse skal være. Museet vil fortsette formidlingen gjennom basisutstilling,



Jernaldergarden skal vere leiande innan levande historieformidling i regionen. Heile jernalderen er tema, men det er særleg lagt vekt på folkevandringstida. Målet er å gjere Jernaldergarden til eit førsteval når publikum vil kjenne på kroppen korleis liv og virke var for 1500 år sidan.

AmS skal vere med på markeringa av Stavanger som Europeisk kulturhovudstad og visjonen Open Port i 2008. Museet vil medverke til at Stavanger 2008 får langtidsverknader for regionen, slik at Stavanger held fram med å vere ein mangefasettert kulturby også i åra som følgjer. Det nye formidlingsbygget ved AmS skal vere sentralt i denne strategien.

AmS ynskjer å vera ein aktiv medspelar i aktuelle departementets særlege satsingar som f.eks. Mangfaldsåret 2008 og Kulturminneåret 2009.

Strategisk plan 2008–2011 blei vedteken av styret 14. desember 2007.

Levnde
historieformidling

Stavanger 2008

Arkeologisk museum i Stavanger

Det opne museum

Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) blei oppretta som eigen statsinstitusjon direkte under Kultur- og kyrkjedepartementet i 1975.

Arkeologisk museum i Stavanger er ein tverrfagleg institusjon som prøver å finne ut meir om fortida gjennom forskning med ulike faglege tilnærmingar. Ved AmS arbeider det mange slags fagfolk; arkeologar, etnologar, historikarar, botanikarar, kvartærgeologar, ein meteorolog, teknikarar, formgivarar, pedagogar og økonomar – til saman om lag 65 årsverk.

Gjennom utstillingar, publikasjonar, føredrag, ekskursjonar og ulike aktivitetar vil AmS gi folk kunnskap om fortida og om samspelet mellom menneske og natur. AmS skal vere ein møteplass både mellom kultur i fortid og notid og mellom folk frå ulike kulturar i dag.

Museet held til i Stavanger sentrum i vakre og sentrale lokale som er spesialbygde for profilen til museet.



Arkeologisk museum
i Stavanger

